

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 09.12.2024
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Saker til oppfølging etter styremøte**

ARKIVSAK: 2024/72
STYRESAK: **089/2024**

STYREMØTE: **19.12.2024**

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Saker til oppfølging etter styremøte i Helse Førde HF		
Møtedato/sak/tittel	Oppfølging	Status
26.01.2023 008/2023 Internrevisjons-rapport – Læring på tvers av uønska hendingar	<i>Styreløiar Krakhellen oppsummerte med at administrasjonen jobbar vidare med dokumentet, og at ein kan kome tilbake til styret når ein har fått arbeidd administrativt med oppfølging.</i> <u>Vedtak:</u> <i>Styret i Helse Førde tek saka til etterretning, og ber administrerende direktør starte arbeidet med oppfølging av revisjonsrapporten med tiltak og planar for Helse Førde.</i>	
23.05.2024 031/2024 Adm. direktør si orientering	<u>Pkt 4 Oppfølging styrevedtak Tronvik – status</u> <i>Styret etterspør ei jamleg orientering om oppfølging styrevedtak Tronvik.</i> <u>Pkt 5 Oppfølging styrevedtak Florø – endra tenestetilbod</u> <i>Adm. direktør Varden sa at det blir jamleg orientering til styret.</i>	Orientering 21.06.2024 26.09.2024 Orientering 21.06.2024 26.09.2024
23.05.2024 033/2024	<u>Vedtak:</u>	

Økonomisk langtidsplan 2025-2029	<p>1. Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2025-2029 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.</p> <p>2. Styret er uroa over den økonomiske situasjonen til Helse Førde i ØLP-perioden. Helse Førde har gjennomført tiltak for å tilpasse aktiviteten til dei økonomiske rammene. Arbeidet med nye, og til dels større, tiltak må halde fram for å halde aktiviteten innanfor dei gjevne økonomiske rammene.</p> <p>3. Omstillingsarbeidet må ha høgt fokus på tenestekvalitet, pasienttryggleik og HMT for dei tilsette.</p> <p>Styret ber administrerande direktør drøfte desse utfordringane med vår eigar, Helse Vest RHF.</p>	
21.06.2024 048/2024 Nasjonal årsmelding 2023 frå Pasient- og brukarombodet	<p>Styret etterspør ein kort analyse av Sogn og Fjordane i den nasjonale rapporten, og henviste til tre hovudområde i rapporten som var relativt bastante, utan at styret opplever at dette var godt underbygd i det skriftlege materialet.</p> <p><u>Styret etterspør lokale tilhøve i Helse Førde til neste årsmelding.</u></p>	Våren 2025
24.10.2024 065/2024 Adm. direktør si orientering	<p><u>Punkt 6 Rustilbodet i Helse Førde</u></p> <p>Adm. direktør Varden sa at styret får ny tilbakemelding våren 2025 om status i rustilbodet i Helse Førde.</p>	Våren 2025
24.10.2024 072/2024 Sjukefråvær i Helse Førde	<p><u>Vedtak:</u></p> <p>Styret tek orientering om sjukefråvær i Helse Førde til vitende.</p> <p>Styret er bekymra over sjukefråvær i Helse Førde.</p> <p>Styret støttar det sterke fokuset AD no set på utfordringa, og ser fram til rapportering på oppfølging av tiltaka.</p>	
24.10.2024 074/2024 Sal av Tronvik	<p><u>Vedtak:</u></p> <p>1. Styret vedtek å avhende eigedomen på Tronvik (Gnr. 48 bnr. 23 i Høyanger kommune). Eigedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden. Salet kan skje under eitt eller ved å frådele delar av eigedomen.</p> <p>2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjennomføre salet.</p>	
28.11.2024 079/2024 Adm. direktør si orientering	<p><u>Pkt 1. Rapportering</u></p> <p>Styret kommenterte tilsynssaker, kva vert gjort på kort sikt og eventuelt lang sikt ved ambulansestasjonane?</p> <p>Adm. direktør Varden sa at vi har dialog med Høyanger kommune. Det blir oppdatering i neste styremøte.</p>	AD orientering 19.12.2024
28.11.2024 081/2024 Økonomiske vilkår for budsjett 2025	<p>Vi har gjort endringar på Tronvik, ved Lærdal sjukehus og i Florø, i tillegg tatt ned sengetal ved Førde sentralsjukehus. Vi må kunne viser utad korleis alle lokasjonane har bidrege med innsparingar, og at belastninga vert for ulikt fordelt. Dette er ei utfordring til administrasjonen å jobbe vidare med. Vi må framleis sjå på moglege endringar og løysingar i heile</p>	

	<i>organisasjonen, men kanskje særleg på der det ikkje har vore gjennomført større tiltak.</i>	
28.11.2024 084/2024 Årleg gjennomgang av styrende dokument for styret i Helse Førde HF	<p><i>Styret kommenterte at i samband med etablering av selskap som har sitt utspring i forskning og innovasjon i føretaket, bør det vurderast om det skal føreligge ei rutine knytta til eigenhandel i desse selskapa.</i></p> <p><i>Adm. direktør Varden sa at Helse Førde har registrering av bierverv. Vi vil sjå på oppfølging av bierverv for å sjå om vi kan legge inn kartlegging her, også innhente kva rutine dei andre føretaka har.</i></p>	